



Mandat for konseptfase

Fagprosjekt – hovudprosjekt med politisk styring

GEBYRREGULATIV FOR ALVER KOMMUNE

SAMFUNNSUTVIKLING

Prosjektnummer:	Sak nummer:	
Dato/Forfattar:		
20.01.2019 Hogne Haugsdal		
Vedtak/Dato:		
<Godkjent av <styringsgruppe> og dato >		



Innhald

1.	Bakgrunn	3
2.	Føremålet med prosjektet	3
2.1.	Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020?	3
3.	Føringer for prosjektet	4
3.1.	Intensjonsavtale	4
3.2.	Styringsdokument.....	4
3.3.	Samanheng med andre prosjekt?.....	5
4.	Erfaringar og annan nyttig informasjon	5
5.	Omtale av konseptfasen.....	5
5.1.	Organisering og ansvar i konseptfasen	5
5.2.	Interessentar i konseptfasen	5
5.3.	Resultata frå konseptfasen.....	6
5.4.	Kostnadars, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen	6
6.	Gjennomgang av BP1 Sjekkliste	7



1. BAKGRUNN

Fagprosjekter omfattar alle prosjekt som ikkje klart er definert som organisasjonsprosjekt eller IKT – prosjekt.

Det er same prosjektmetodikk som ligg til grunn for hovudprosjekt med politisk styring som for hovudprosjekt med administrativ styring. I Hovudprosjekt med politisk styring vert politisk prinsipielle avgjerder lagt fram for fellesnemnda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i mandatet/ prosjektforslaget.

Det skal vedtakast gebyrregulativ for Alver kommune gjeldande frå 01.01.2020

2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Føremålet med prosjektet er å utarbeide eit gebyrregulativ for kommunale tenester i Alver kommune.

2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020?

Det skal utarbeidast eit gebyrregulativ for Alver kommune. Gebyrregulativet skal ta utgangspunkt i priser, gebyr og avgifter som er i dei tre kommunane i dag, og gebyrregulativet for Alver kommune skal være ein samordning av dei tre kommunane sine priser og gebyr i dag.

2.2. Avgrensingar i prosjektet

Gebyrregulativa i dei tre kommunane er eit resultat av strategiske politiske prioriteringar og føringar i dei tre kommunane. Når ein skal utarbeide eit nytt gebyrregulativ for Alver kommune bør det også vere bygd på strategiske og politiske prioriteringar, men det vil være krevjande å få gjennomført ein god strategisk gjennomgang med det nye kommunestyret før regulativet blir vedtatt i november 2019. Prosjektet er derfor avgrensa til å være eit samordningsprosjekt som tek utgangspunkt i eksisterande priser, gebyr og avgifter i dei tre kommunane. Våren 2020 skal gebyr- og betalingssatsar vere tema på strategisamlinga til formannskapet i Alver, med sikte på å utarbeide eit nytt gebyrregulativ for Alver kommune gjeldande frå 2021.



3. FØRINGAR FOR PROSJEKTET

3.1. Intensjonsavtale

Kapittel 2. Visjon

«Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.

Vi byggjer ein ny kommune for å møta framtidas sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Kapittel 3. Verdiar, mål og prinsipp

- Vi skal byggja ein ny kommune
- Alle kommunar er likeverdige partar
- Vi skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon
- Vi skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen
- Vi skal byggja vidare på felles identitet og kultur
- Vi skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv
- Vi skal ha likeverdige tenester i heile kommunen
- Vi skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Vi skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa
- Vi skal digitalisera dialogen med innbyggjarane
- Vi skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

Kapittel 7, Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse - utdrag:

- Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon
- Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass.
- Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling

3.2. Styringsdokument

- Alver kommune: Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing, Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune
- Retningslinjer for prosjektstyring i Alver kommune
- Omstillingsavtalen
- Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune



3.3. Samanheng med andre prosjekt?

Gebyrregulativet heng saman med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2020 – 2023.

4. ERFARINGAR OG ANNAN NYTTIG INFORMASJON

5. OMTALE AV KONSEPTFASEN

5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

Oppdragsgjevar/styringsgruppe:

Fellesnemnda

Administrativ styringsgruppe:

Programansvarleg og assisterande programansvarlege

Prosjektansvarleg:

Hogne Haugsdal, leiar samfunnsutvikling

Prosjektleiar og -gruppe:

Prosjektleiar Tor Kyrre Hegle, rådgjevar Lindås kommune

Prosjektgruppe 1 representant frå Meland kommune (peika ut av rådmannen)

 1 representant frå Radøy kommune (peika ut av rådmannen)

 1 HTV

Arbeidsgrupper:

Behov for arbeidsgrupper blir vurdert av prosjektet

Referansegrupper- og personar:

Relevante fagpersonar innan dei ulike fagområda.

Økonomisjefar i eksisterande kommunar.

Toppleiargruppe (I samband med arbeidet med økonomiplan for Alver 2020 – 2023)

5.2. Interessentar i konseptfasen

Fellesnemnda, programansvarleg og toppleiargruppa.



5.3. Resultata frå konseptfasen

Hovudmål for prosjektet:

Utarbeide eit gebyrregulativ for kommunale tenester i Alver kommune 2020.

Resultatmål frå konseptfasen:

- Utarbeide eit prosjektforslag som synar kva områder som skal takast omsyn til i gebyrregulativet
- Utarbeide ein detaljert framdriftsplan for resten av prosjektet.

Førebels hovudpunkt i gebyrregulativet:

1. oppvekst
 - a. Skulefritidsordning
 - b. Barnehage
 - c. Voksenopplæring
 - d. Kulturskule
2. Pleie og omsorgstenester
 - a. Heimebaserte tenester, praktisk bistand og rettleiing
 - b. Institusjon
 - c. Tryggleiksalarm og omsorgsteknologi
 - d. Psykisk helse og rus
3. Vatn, avløp, feiing og renovasjon
 - a. Vatn, avløp og slam
 - b. Renovasjon
 - c. Feiing og tilsyn
4. Festeavgifter og andre avgifter gravplassforvaltning
5. Leigeprisar eigedom og anlegg
 - a. Leigeprisar hallar og anna eigedom
 - b. Kommersielle arrangement
 - c. Leigeprisar uteanlegg
6. Teknisk forvaltingsteneste (Byggesak, arealplan og geodata)

5.4. Kostnad, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen

Kostnadsramme: Innanfor den økonomiske ramma

Ressursbehov: Innanfor den økonomiske ramma

Forventa varigheit:

Konseptfasen: Februar – april 2019

Prosjektgjennomføringsfasen: April – juni 2019. Fellesnemnda innstiller gebyrregulativ Alver i juni 2019. Gebyrregulativ vert vedtatt i kommunestyret for Alver november 2019.



6. GJENNOMGANG AV BP1 SJEKKLISTE

	Sjekkpunkt	Kommentar
1.	Er innhaldet i mandatet tydeleg?	Ja
2.	Er omfanget av prosjektet tydeleg definert?	Ja
3.	Er det tydeleggjort kva politiske føringer, prinsipp og andre avtalar som gjeld, og må takast omsyn til?	Ja
4.	Er prosjektleiar og øvrige sentrale ressursar utpeikt	Ja
5.	Er det behov for meir informasjon, før ein kan ta ei avgjersle?	Nei